

REGULERINGSFØRESEGNER FOR BUSTADFELT BYGSTADHAUGANE.

- § 1. Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innanfor dette området skal all busetnad plasserast i slik minimumsfråstand frå veg som dei innteikna byggefråstandar viser.
- § 2. Innanfor det regulerte området kan det oppførast bustadhus i ei høgd med tilhøyrande garasjar. I samsvar med byggeføresegnene kan bygningsrådet samtykke i at hus i ei høgd vert innreida med bustadrom i underetasje, dersom terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn høver for slik utnytting av underetasjen.
- § 3. Den samla grunnflate av bygningane på tomta, medrekna garasje, må ikkje nytte ut meir enn 20% av tomta sitt nettoareal.
- § 4. Hus i ei høgd kan oppførast med gesimshøgd inntil 4,5m, og hus med innreida sokkeletasje må ikkje få gesimshøgd over 6 m.
- § 5. Innan det regulerte område kan ein skilde rom utnyttast til lager eller verkstadverksemd, når det ikkje er til ulempe for grannar, og etter førehandsgodkjenning av bygningsrådet.
- § 6. På situasjonsplanen som fylgjer søknaden om byggeløyve til bygningsrådet skal garasjeplassering vere innteikna, sjølv om det ikkje er planlagt å føre opp garasje samstundes med bustadhuset. Dersom garasje ikkje vert oppført samstundes med bustadhuset, må eigaren syte for biloppstillingsplass på eigen tomt. Utanom garasjeplassering skal det vere vist oppstillingsplass for ein bil på eigen grunn. Garasje skal til vanleg plasserast i, eller som tilbygg til bustadhuset. Bygningsrådet kan godkjenne at garasje vert oppført som frittliggande bygning når tilhøva etter bygningsrådet sitt skjøn ligg betre til rette for ei slik løysing. Garasje kan oppførast i ei høgd med grunnflate ikkje over 35 m². I samsvar med byggeføresegnene kan garasje også oppførast i grannegrense.

I alle høve skal garsjen tilpassast til bustadhuset når det gjeld utforming, materialval og farge.

- § 7. Bygningsrådet kan godkjenne alle slags takformar, men skal sjå til at hus i same gruppe eller langs same vegstrekke får ei harmonisk utforming. Fargen på bygningar som virkar skjønmande kan bygningsrådet krevje endra.
- § 8. Konstruksjon, høgd og farge på gjerder skal godkjenmast av bygningsrådet. Støttemur kan ikkje oppførast utan godkjenning av bygningsrådet.
- § 9. På dei tomtane der det veks tre bør det ikkje hoggast meir enn det som er naudsynt for å plassere bygningar og tilkomstveg. Det kan ikkje plasserast nye tre eller busker som er til ulempe for granne eller for offentleg ferdsel.
- § 10. Når særleg grunnar taler for det kan bygningsrådet gjere mindre unntak frå desse reguleringsføresegnene, når unntaka ligg innafor råma av bygningslova med stadfesta vedtekter.

Førde den 13. mai 1975

Rolf Øvrelid

- sign.-